



Absolutt Form - Rolf Hermansen
Bredsgården 2
5003 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1587 - 19/25697

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

10.12.2019

Godkjenning - løyve til igangsetting for resten av driftsbygget - GBNR 57/8 Sætre

Administrativt vedtak. Saknr: 304/2019

Tiltakshavar:

Ørjan Tveit

Ansvarleg søkjar:

Absolutt Form - Rolf Hermansen

Søknadstype:

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting for resten av tiltaket – riving av driftsbygg og oppføring av nytt driftsbygg på gbnr 57/8 Sætre. Søknaden om igangsetting er journalført motteke 06.12.19.

Kommunen har i vedtak av 12.08.19 gjeve rammeløyve til tiltaket i sak DS 176/2019. Seinare den 23.08.19 i sak DS 185/2019 har kommune gjeve igangsetting for riving av driftsbygget og i sak DS 228/2019 av 03.10.19 har kommune gjeve igangsetting for grunn- og terrengarbeid, løyve til tilkopling til kommunalt vatn og utsløpsløyve via minireinseanlegg.

Det vart tidlegare søkt om riving av driftsbygning og oppføring av ny driftsbygning med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 648 m² og bygd areal (BYA) ca. 324 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 0,3 % BYA. Eksisterande driftsbygning står til nedfalls og kan ikkje tene føremålet som ny drift medrekna. Ny driftsbygning er tilpassa gardsdrift med grønsaka, frukt, bær og honningproduksjon.

Planstatus

Eigedomen har areal på ca. 177.334 m² og ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål (landbruks-, natur- og friluftsområde). Tiltaket er i samsvar med kommuneplanen si arealdel.

Nabovarsling:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket blei nabovarsla sist 23.09.19 i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Det er ikkje motteke merknader frå naboar til føreliggjande søknad.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 24.10.19.

VURDERING:

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1. Søkjar har sendt inn oppdatert gjennomføringsplan versjon 5, datert 06.12.19, kor ansvarsrettar for alle omsøkte ansvarsområder er fordelt.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova §20-1, jf. § 21-2, 5.ledd løyve til igangsetting for resten av tiltaket – driftsbygget, jf. søknad journalført motteke 09.12.19 på følgjande vilkår:

- *Tiltaket skal plasserast i samsvar med situasjonsplan og teikningar motteke 24.09.19.*
- *Tiltaket har krav til avfallsplan for både riving og nybygg etter byggteknisk forskrift § 9-6. Dokumentasjon må sendast inn ved søknad om ferdigattest.»*

Plasseringa av tiltaket skal vere som vist på vedlagt situasjonsplan journalført motteke og med eit toleransekrav i horisontalt plan på +/- 50 cm. Minstekravet på 4 meter til nabogrenser er likevel absolutt, jf. pbl § 29-4 dersom ikkje anna er sagt ovanfor.

Topp overkant golv på underetasje og topp mønehøgde skal vere på høvesvis kote 10,38 og 22,18 moh., med eit toleransekrav i vertikalt plan på +/- 20 cm. For utforming av tiltaket elles blir det vist til vurderinga over og vedlaagte plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 18.10.19.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/1587

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gjennomføring side 1
Gjennomføring side 2
Langenes Bygg Erklæring om ansvar
Erklæring Tveit Gård

Kopi til:

Tveit Gård	c/o Ørjan Tveit	5917	ROSSLAND
	Sætrevikvegen 63		
Ørjan Tveit	Elsters Gate 3	5059	BERGEN

Mottakarar:

Absolutt Form - Rolf Hermansen	Bredsgården 2	5003	BERGEN
--------------------------------	---------------	------	--------